

**SAMISK MUSIKK PÅ RIKSSCENA I OSLO**

I samband med samefolkets dag 6. februar har Riksscena samisk musikk på programmet denne helga. Fredag byd Niillas på *Idja – sámi club night*. Den unge elektronikaproduzenten med røter fra Kåfjord debuterte med EP-en *Memo-raids* i fjor. Laurdag blir det festaftan med både tradisjonell joik med Ellen A. Oskal-Spein og Frode Barth og ny, samisk musikk med Elin Kåven mfl. Konfransier er Niko Valkeapää.



Julie Byrne lagar songar som ein veteran. Pressefoto

# mer for stein

om, og til, håpet.

sjette månad, rett før ho flytta heim til byen ho voks opp i, Raleigh, i delstaten North Carolina. Det gripande tittelsporet er ei liten gavé til ei nyfødd dotter, med ei oppmoding om å «tomme lommene for stein».

Både Byrne og Merritt har laga plater om, og til, håpet. Det dreier seg om artistar som

har ein uttrykt ambisjon om å skape inspirasjon og trøyst. Ein slags djupt humanistisk, forsiktig glød gjennomsyrer songane deira. Det gjer dei sårt nødvendige i tida vi no går inn i.

**ØYVIND VÄGNES**

Øyvind Vägnes er forfattar og fast musikkskribent i Dag og Tid.

## Arkivet: The Oxford American

Det amerikanske litteraturtidsskriftet Oxford American, som vart stifta i 1992 i Oxford i Mississippi, har sidan 1997 gitt ut ei årleg musikkutgåve vidd sørstatsmusikk. Der utfaldar eit knippe forfattarar, poetar, musikkskribentar og kunstnar-

rar seg i ei beint fram vakker blanding av essaystikk, dikt og bilettekst. Kvalitetsnivået er nesten sjokkerande høgt, også i nummeret som kom i fjor, som for få dagar sidan var å finne i dei rikhaldige bokhyllene på Tronsmo, for dei som måtte vere i hovudstaden, og som det elles er lett å få tak i på tidskriftets nettsider.

Høgdepunkta er mange, men Amanda Petrusichs leit etter *americanica* i Tokyo stiller sterkt, saman med nyskrivne essay av folk som Zandria F. Robinson og John Jeremiah Sullivan. Ein CD følger bladet, med *liner notes* der Banning Eyre skriv om Bassekou Kouyaté, Greil Marcus om John Lee Hooker og Ann Powers om Alabama Shakes.

**ØYVIND VÄGNES**

# KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhabring@gmail.com

## Lyden av lagunebyen

Ingeborg Christophersen og Barokkanerne spelar konsertar frå Venezias musikalske gullalder.

**CD**

VIVALDI,  
MARINI,  
UCCEL-  
LINI, CAS-  
TELLO,  
LEGRENZI,  
GALUPPI,

PALESTRINA:

**Recordare Venezia**

INGEBORG CHRISTOPHERSEN,  
BLOKKFLØYTER; BAROKKANERNE.  
LAWO 2016

Stillitsen (*carduelis carduelis*) er ein liten fugl av finkefamilien som hekkar i heile Europa og som i Noreg trivst best på Austlandet kring Oslofjorden. Særlig lyrisk er ikkje stillitsongen: «Dudidelet» eller «didudit», laet det når han opnar nebbet. Med mindre han blir skremd – då lirar han av seg noko i retning av «tsjrr». I barokken var det populert å halda denne fuglen med den fargerike fjørdrakta i bur, for den sorglause songen laga godly i stova. (På den tida var det jo ikkje berre å skru på stereoanlegget når ein ville ha bakgrunnsmusikk.)

Det er med slik stillitsesong i stilisert form blokkfløytsar-

Venezia har ikkje endra seg mykje sidan komponistane på albumet *Recordare Venezia* musiserte her på 1600- og 1700-talet. Foto: SJUR HAGA BRINGELAND

ten Ingeborg Christophersen opnar albumet *Recordare Venezia*. Med ensemblet Barokkanerne i ryggen spelar ho her Antonio Vivaldis (1678–1741) sopraninoblokkfløyts-konsert i D-dur nr. 3, op. 10, eit stykke som har tilnamnet *Il Gardellino*, som er namnet for «stillitsen» på Vivaldis venetianske dialekt.

Christophersen musiserer makelaust godt. Ho fylgjer heldigvis ikkje trenden blant blokkfløytsistar for tida, som går ut på å spela kvikkast mog-

leg, å trilla oftaft mogleg, å sukka og hulka med fløyta og for all del å unngå å blanda seg for mykje med orkesterstrykkane i ritornella, som er det italienske namnet på dei partia i ein solokonsert der alle spelar saman. Nei, spelet hennar er lyrisk, samspelet lytelast og teknikken så trygg at sjølv dei mest virtuose partia har ei hugnadsam ro over seg.

**SJUR HAGA BRINGELAND**

Sjur Haga Bringeland er musikar og fast musikkmedar i Dag og Tid.

## Frå soleglad til solrenning

Deutscher Jugendkammerchor tolkar nordisk kormusikk.

**CD**

KRISTIN  
NYSTEDT,  
EMIL  
RÅBERG,  
PER NOR-  
GÅRD  
MFL.:

**Nachtschichten**

DEUTSCHER JUGENDKAMMER-  
CHOR; DIR.: FLORIAN BENFER.  
CARUS 2016

*Nachtschichten* heiter den nye plata til Deutscher Jugendkammerchor, ein tvitydig tittel som kan omsetjast med «nattskift» eller «nattsjikt» i fleirtal. Dei fleste komposisjonane er då òg knytte til dei skifterike timane mellom soleglad og solrenning.

Nordiske komponistar er godt representerte: I *The Tyger* har svenske Emil Råberg (fødd 1985) tonesett eit William Blake-dikt i engelskspirert korstil – dei einskilde verselinene i diktet blir sunge på ein folkemusikkaktig melodi av éi stemmegruppe, medan dei andre stemmegruppene «tygg» og «spytta» på fragment av teksten.

Hjå finske Jaakko Mäntyjärvi (fødd 1963) er det mindre fart og meir breiddet – *Die Stimme des Kindes* («roysta til barnet») har tettare, mest seinromantisk harmonikk. I *Wigen-Lied* («voggevise») – den underlege stavemåten med to i-a i den tyske tittelen er intendentert – blandar danske Per Nørgård (fødd 1932) hevdunnen komposisjonsstil med plutselige nasale og gutturale utbrot. Det blir som ein underleg samtale mellom den vaksne som vog-

gar, og barnet som blir vogga.

Det største og vakkreste verket på albumet er norsk. Knut Nysteds (1915–2014) *Missa brevis* («stutt messe») syner kor god denne korkoryfeen var til å gjera mykje ut av lite, ei sjovinskrenking som kjenneteiknar alle store komponistar. Til dømes i Kyrie-delen av messa, der eit fåtal tonar byrjinga strekk til for å utvikla ein blommande fargerik sats.

**SJUR HAGA BRINGELAND**

Deutscher Jugendkammerchor syng ny kormusikk av nordiske komponistar. Foto: Friederike Schmid